

Til NVE

Høringssvar

INNSIGELSE i forbindelse med høring: Søknad om Tillatelse til å byggja småkraftverk i Tverrdalselva i Storfjord kommune.

Mattilsynet har innsigelsesrett etter energiloven § 2-1, vassdragsreguleringsloven § 6 nr 1, og vannresursloven § 24, i konsesjonsøknader for kraftverk. Av desse paragrafane går det fram at plan- og bygningsloven sine bestemmelser om innsigelse skal tilpassast konsesjonslovene.

Mattilsynet forvalter Matlova, Forskrift om vannforsyning og drikkevann og dei delene av Forskrift om rammer for vannforvaltningen som omhandler drikkevatn.

Mattilsynet er den einaste statlege myndighet som ivaretok drikkevannsinteressene i konsesjonssaker.

Det er sterke føringar frå Helse og omsorgsdepartementet om å arbeida målbevisst for å heva drikkevannskvaliteten og sikkerheten i alt frå enkle private brønner til store vannverk. Dette er særleg uttrykt i **Nasjonale mål for vann og helse** (bokstav a og b) som vart vedteken av regjeringa i 2014. Det er også utarbeida eit gjennomføringsdokument for 2014-2018.

Det er eit uttalt mål i norsk og europeisk vannforvaltning at drikkevannskilder skal beskyttast særskilt. Målet er trygt drikkevatn, og eit klart uttalt delmål er å **minsk behovet for vannbehandling ved å sikra god råvanns-kvalitet**. Jfr. Nasjonale mål for vann og helse bokstav i og m, og forskrift om rammer for vannforvaltningen § 17.

Nok **vann og leveringssikkerhet** er også eit hovedmål, jfr. Drikkevannsforskrifta § 11 og Nasjonale mål for vann og helse bokstav e.

Leveringssikkerheten skal gi god dekning for det maksimale vannbehovet og dei behova som framtidsplaner og samfunnsutviklinga fører med seg. Tilstrekkelige mengder drikkevatn skal sikrast både under normale forhold og i beredskapssituasjoner.

Om vannverket

Storfjord Vannverk er eit stort og viktig vannverk i sin samanheng. Det forsyner helseinstitusjonar, skule, barnehage og næringsmiddelvirksomheter. Det er også tilknytta eit vaskeri med stort vannbehov.

Nedslagsfeltet er regulert som hensynssone for drikkevann i gammal og ny reguleringsplan for kommunen. «For å kunne beskytte vannkilden mot mulig forurensing i nedslagsfeltet, er det etablert hensynssoner rundt vannuttakene. I hensynssonene er det fastsatt restriksjoner mot ulike tiltak og aktiviteter. Dei nye reguleringsbestemmelsane for hensynssoner for

drikkevann forbyr enhver aktivitet som kan forurense vannkilden. Pkt 7.1.6 «Det tillates ikke tiltak som kan forurense drikkevannskilder og tilhørende nedslagsfelt. Før det evt. gis tillatelse til tiltak her, skal godkjenning foreligge fra vannverkseier og vannverkets tilsynsmyndigheter. Vurdering skal gjøres med basis i drikkevannsregelverket, Folkehelseinstituttets veiledere, restriksjonsbestemmelser og kunskap om kilden.

Nedslagsfeltet og vannkilden er ein stor del av den første hygieniske barrieren i vannverket. Den andre hygieniske barrieren er ei enkel vannbehandling med desinfeksjon (sil og UV-behandling). Denne vannbehandlinga er enkel og sårbar fordi den er heilt avhengig av at råvatnet er av relativt god kvalitet utan for høge tall for farge og turbiditet eller for låge verdiar for UV-transmisjon.

Vannverket har ingen beskyttelse eller tiltak som beskytter mot kjemisk forurensing. Søl av olje eller drivstoff, kan øydeleggja vannkilden for lang tid framover.

Vannverket har ikkje reservevannkilde eller andre reserveløysingar. Det er heilt avhengig av at hovedvannkilden har nok vatn av sikker kvalitet heile tida.

Vannverket har ikkje høydebasseng etter vannbehandlinga. Det er derfor ingen buffer som kan justera toppane i vannbehovet.

Om behovet for drikkevann

Mattilsynet finn det nødvendig å påpeika at abonentane treng reint vatn kvar dag. Utan reserveløysingar, er det svært krevjande å skaffa trygt vatn til helseinstitusjonar og andre sårbare abonentar. Det er ikkje rom for å bruka dager på å finna alternativ vannforsyning om uhellet skulle vera ute.

Vannmangel vil også gje uheldige ringvirkningar for næringslivet i kommunen, m.a. vaskeriet og næringsmiddelvirksomheter.

Om planane

Planane går ut på å laga ein 4 m brei anliggsvei langs elva. Røygata skal gravast ned i anleggsveien. Dette medfører omfattande røring av masser og vil sannsynlegvis gi mykke avrenning slik det er informert om i søknaden.

Det skal lagast ein inntaksdam med ei demning 3 m høg og 20 m lang. Ca 0,5 da blir neddemt. Skog og vegetasjon i området vil bli stående under vatn i dammen.

Planane om å byggja småkraftverk i vannkilden til Indre Storfjord Vannverk utgjer ein risiko for vannkvaliteten på grunn av

1. Arbeidet i anleggsfasen med transport, røring av masser og åpning av jordoverflata, vil mest sannsynlig auka mengda av grums og slam i råvatnet (som det står i

søknaden). Dette kan ifølge det ein representant for NVE har opplyst i forbindelse med ei anna sak, vara i mange år etter at arbeidet er ferdig. Grums og slam er i seg sjølv forurensing. I tillegg vil vannbehandlinga og særlig **UV-desinfeksjonen med stor sannsynlighet gå i stå.**

2. Generelt vil arbeid og aktivitet i nedslagsfeltet, gi fare for auka bakterieinnhold i vatnet.
3. I anleggsfasen er det fare for kjemisk forurensing, særlig olje og drivstoff. Forurensing med slike stoff kan øydeleggja vannkilden for lang tid framover. Eit forsøk på å fjerna slik forurensing vil vera svært krevjande og dyrt. Når vannverket ikkje har noko metode eller utstyr for å fjerna eller uskadeliggjera kjemisk forurensing, og heller ikkje reservevannkilde eller andre reserveløysingar, må ikkje vannkilden bli utsett for fare for denne type forurensing.
4. Neddemming av areal med vegetasjon, gir ofte auka bakterieinnhold i vatnet. Dammen som er planlagt ligg i eit område med skog og lågare vegetasjon.
5. Det kan vera svært resurskrevjande for vannverkseigar å fylgja opp vannkvaliteten og leveringssikkerheten når det svikter på grunn av uhell, misforståelser, menneskeleg svikt osv. Det kan ta lang tid før leveringssikkerheten og/eller drikkevannskvaliteten kjem i orden når noko har svikta. Vi har eksempel der vannverket kanskje aldri får tilbake sikkerheten som var før kraftverksutbyggjinga. I Nord Troms er td. Altaeidet Vannverk eit skrekkeksempel på kva som kan skje når andre interesser får overta i drikkevannskilden.

Utbyggjinga utgjer ein risiko for leveringssikkerheten (sikkerheten for at det er nok vatn) fordi

1. Utbyggjer oppererer med eit vannbehov for vannverket, 7 l/s som er langt mindre enn det kommunen **måler** at dei bruker, oppi 22,2 l/s. Det er viktig at toppane i vannforbruket blir dekka. I tillegg skal det vera brannvann og det skal tas hensyn til framtidig utvikling og planar i kommunen. Etter som kommunen opplyser, kan det bli fleire felt med boliger som skal forsynast av vannverket. Det er også industriområde som ikkje er ferdig planlagt. Når planane oppererer med ei minstevannføring på 47 l/s i store deler av året, 1. oktober-1. mai, er det knapt vatn i gjen i elva om vannverket treng minst 22,2 l/s.
2. Utbyggjer skriv ingen ting om risikoen for at heile elva frys tørr på vintaren. Det må ikkje gjerast inngrep som rokker ved leveringssikkerheten, også i ekstra lange og kalde vintrar må det vera godt slingringsmon for at ikkje elva frys.

Om tiltaka som er foreslått for å sikra vannverket sine behov.

Utbyggjer foreslår å leggja ein slange forbi anleggsområdet under anleggsfasen. Denne skal gi ein vannmengde på 7 l/s. Dette er langt under det vannforbruket kommunen har berekna at dei treng.

Å leggja ein slange forbi anleggsområdet i anleggsfasen kan vera ein god idé dersom behovet og dimensjonen er rett berekna. Men Mattilsynet har erfaring med at ei slik løysing ikkje alltid fungerer i praksis. Det er mange faktorer som skal stemma overens for at dette skal fungera, mellom anna dimensjon på slangen – stor nok til å gi nok vatn i alle situasjoner, men utan at det blir luft som stopper vannflommen. Inntaket for denne slangen må fungera heile tida. Nedbør og frost kan påvirka dette.

Råvannskvaliteten ved det midlertidige inntaket må også dokumenterast før det tas i bruk. Det er trekkroute for rein i heile den øvre delen av elva. Vannprøver må tas ut i dei deler av året som denne midlertidige løysinga skal fungera.

Det må vera klart kven som har ansvar for å retta opp når leveringssikkerheten eller kvalitets-**sikkerheten** ikkje tilfredsstiller krava i Drikkevannsforskrifta §§ 11 og 12. Kven har ansvaret for å skaffa vatn til kommunen den dagen noko svikter og korleis er det tenkt at dette ansvaret skal ivaretas, konkrete planer.

I planane er det skissert at slangen skal fungera i anleggsfasen. Mattilsynet stiller spørsmål om dette er eit tilstrekkelig avbøtande tiltak, då råvatnet kan innehalda auka mengder grums og slam i mange år framover. Landskapet mellom anleggsarbeidet og elva, har bratte områder, noko som vil auka avrenningsfaren. Det same vil kraftigare og lengre nedbørsperiodar og meir intens snøsmelting som klimaendringane kan føra med seg.

Utbygger har to forslag til å ivareta vannverket sine behov etter at anleggsfasen er over.

Alternativ 1. Drift av annlegget som no.

Mattilsynet ser på dette som uaktuelt fordi leveringssikkerheten, nok vatn ikkje er ivaretaken. Det er stort sprik mellom det faktiske **vannforbruket som kommunen har målt (22,2 l/s)** og det som er berekna i søknaden (7 l/s). Faren for frost og tørke er ikkje utreda i søknaden. Mattilsynet kan ikkje sjå at det er mulig å få ein leveringssikkerhet med godt slingringsmon og rom for utvikling i framtida, i dei planane som er lagt fram.

Kvalitetssikkerheten er sterkt svekka fordi det i mange år etter at det har vore arbeid i massane og overflata vil vera fare for ekstra avrenning med auke i farge og turbiditet og nedsett UV-transmisjon.

Det må forventast auke i bakterieinnholdet, blant anna coliforme bakteriar som følge av neddemminga av område med vegetasjon.

Alternativ 2. Bruk av kraftverksinntak og turbinledning som nytt vannverksinntak.

Det er forventa auka bakterieinnhold på grunn av neddemming av område med vegetasjon.

Neddemminga vil sannsynlegvis også gi auka fargetall og turbiditet. Det kan slå ut heile desinfeksjonsprosessen. Da står kommunen med eit hovedvannverk utan renseanlegg.

Langs heile den øvre delen av Tverrdalselva er det trekkroute for rein. Derfor kan ein ikkje forventa noko positiv effekt av å leggja vanninntaket lenger opp i elva.

Skal vannverket flytta vanninntaket eller ha inntak saman med kraftverket, må vannkvaliteten ved nytt inntak dokumenterast med vannprøver over tid, minst eit år er vanleg.

Det har vist seg at det kan vera vanskeleg å få til klare avtalar om driftsansvar ol som sikrer enighet om kven som skal løysa eventuelle utfordringar som måtte oppstå, uten unødvendig opphold. Kven skal skaffa vatn til kommunen dersom kvaliteten eller leveringssikkerheten er trua? Korleis er det tenkt løyst i praksis?

Mattilsynet har også erfaringer med at på desse breddegrader, er det tele og frost i store deler av året, og det er perioder då anleggsarbeid må unngås av hensyn til reindrifta. Det medfører at dersom det viser seg at noko ikkje fungerer, kan det gå mange månadar før det er mulig å få gjort noko med det.

I søknaden står det at utbyggjinga ikkje er i strid med EU sitt vanndirektiv.

I Forskrift om rammer for vannforvaltningen står det i 2. del av § 17 «Vannforekomster identifisert som drikkevannskilder etter denne bestemmelsen skal beskyttes mot forringelse av kvaliteten, slik at omfanget av rensing ved produksjon av drikkevann reduseres.»

Her er det nedfelt eit sterkt uttrykk for beskyttelsen av drikkevannskilder: behovet for rensing skal reduserast.

I § 14 i Forskrift om vannforsyning og drikkevann står det at « Eier av vannforsyningssystem skal påse at det planlegges og gjennomføres nødvendig beskyttelse av vannkilden for å forhindre fare for forurensing av drikkevannet, og om nødvendig erverve rettigheter for å opprettholde slik beskyttelse.»

Påse ... å forhindre fare for forurensing er eit svært sterkt uttrykk for at Vannverkseigar skal arbeida aktivt og gjennomført ikkje bare for å unngå forurensing, men for å **unngå fare for** forurensing.

I alle tiltak og prosjekt er det ein fare for uhell, feilberekingar og menneskelig svikt. Indre Storfjord Vannverk er eit hovedvannverk og har fleire sårbare abonentar. Vannbehandlinga er enkel og svært sårbart for endringar i råvannskvaliteten. Det er derfor ikkje rom for uhell og feil.

Det er krav om at vannverkseigar om nødvendig erverver rettigheter for å beskytta drikkevannskilden. I dag bruker kommunen arealplan og hensynssoner for å sikra vannkilden. Dette er også gjort i fohold til Indre Storfjord Vannverk. I gjeldane arealplan er nedslagsfeltet til Indre Storfjord Vannverk regulert som hensynssone for drikkevatn. Og i forslag til ny arealplan som vart utarbeida i 2015 er hensynszonea forsterka og utdjupa med reguleringsbestemmelser der det mellom anna heiter: «det tillates ikkje aktiviteter som **kan** forurense vannkilder og tilhørende nedslagsfelt». Det kan ikkje vera tvil om at kraftutbyggjinga som er planlagt, **kan** forurensa. Konsesjonssøknaden er derfor i strid med den nye arealplanen.

Når kommunen har gjort det dei kan og skal etter gjeldande lover og regler for å sikra trygt drikkevann til sine innbyggjarar, og dette også er heilt i tråd med nasjonale prioriteringar og føringar, må det tas hensyn til.

**Med dei planane som foreligg, ser Mattilsynet det nødvendig å fremja
innsigelse fordi dei strir imot nasjonale mål for vann og helse.**
Dei strir også imot hensynssonebestemmelsane for drikkevann som er utarbeida i ny
arealplan for Storfjord kommune. Det er forventa at planen blir vedteken om få
månadar.

Vannbehovet til vannverket og særleg toppar med maksbehov, er dårlig utreda. Det
er stort sprik mellom kommunen sine målingar og søker sine berekningar..
Vanntilgang ved worst case med tørke og frost er dårlig utreda.

Det er liten erkjennelse for sårbarheten til Storfjord Vannverk.

Det er ingen plan for reservevannforsyning om vannkvaliteten eller vanntilgangen
skulle forringast.

Det er teke lite hensyn til faren for forurensing, feil og menneskelig svikt.

Det er vanskeleg å sjå fordeler med småkraftverket som kan forsvara at
leveringssikkerheten eller kvalitetssikkeheten til drikkevatnet skal svekkast.

Mattilsynet sine erfaringer med liknande saker, tilseier at denne type kraftutbyggjing
inneber ein reell risiko for forurensing og/eller leveransesvikt.

Ifølge dei nye hensynssonebestemmelsane for drikkevann som er utarbeida for Storfjord
Kommune og som skal vedtas snart, står det at tilsynsmyndighetene må godkjenna
eventuelle tiltak i hensynssoa. Ei slik godkjenning vil ikkje bli gitt av Mattilsynet.

Storslett, 31.03.16

Med helsing

Astrid Lende Einevoll
Mattilsynet avd Troms og Svalbard